# Seljord kommune

Arkiv: 150
Saksnr.: 2017/1893-1
Sakshand.: Kari Gro Espeland
Direkte tlf.: 35065106
Dato: 20.11.2017

**Saksframlegg**

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|---|---|---|
| Formannskap/økonomiutval | 106/17 | 29.11.2017 |
| Eldreråd | 7/17 | 05.12.2017 |
| Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 8/17 | 05.12.2017 |
| Arbeidsmiljøutvalet | 4/17 | 05.12.2017 |
| Kommunestyret | | 14.12.2017 |

# Kommuneplan - handlingsdel med handlingsprogram, budsjett og økonomiplan 2018 - 2021

## Saksdokument:

Vedlegg:
1 Gul bok 2018 - 2021
2 Saksprotokoll KU-SEL, 11102017, Sak 18-17, Budsjett for kontroll og tilsyn 2018 – Seljord kommune-
3 Vedlegg til Gul bok - Oversyn over betalingssatsar for kommunale tenester
4 Vedlegg til Gul bok - Valgte og ikkje valgte tiltak
5 Vedlegg til Gul bok - Kostnad vedlikehald Kommunale vegar 2018 - 2028

## Saksutgreiing:

I sitt møte 09.11.17. vedtok kommunestyret å legge Kommuneplan – Handlingsdel med handlingsprogram 2018 – 2021 ut til offentleg ettersyn i 30 dagar. Handlingsdelen med kommentarar vert lagt fram for kommunestyret i samband med budsjetthandsaminga i møte 14.12.2017.

I formannskapet/økonomiutvalet sitt møte 27.11.2017 vert Handlingsdel med budsjett og økonomiplan 2018 -2021 lagt fram som informasjon. I møte 29.11.2017 vedtek utvalet si innstilling til kommunestyret sitt møte 14.12.2017. Deretter vert dokumentet lagt ut til alminneleg ettersyn i

14 dagar.

Kommuneplan – Handlingsdel med handlingsprogram, budsjett og økonomiplan 2018 -2021 (Gul Bok) er et binande styringsdokument for Seljord kommune og syner korleis målsettingane i kommuneplanen skal bli nådd. Tilbakemelding om framdrift i samsvar med planen skjer gjennom arbeidsprogram, budsjettoversyn, årsrekneskap og årsmelding. Planen med tilhøyrande tilbakemeldingar utgjer kommunen sin internkontroll på øvste nivå i regi av rådmannen. I tillegg førar kommunestyret sjølv kontroll med verksemda gjennom kontrollutvalet.

Jamfør vedtak i kontrollutvalet sak 18/17, fylgjer kontrollutvalet sitt budsjettframlegg vedlagt denne saka.

## Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet/økonomiutvalet til å fatte fylgjande vedtak:

I samsvar med kommunelova § 45 nr. 3 vert årsbudsjett for 2018 lagt ut til alminneleg ettersyn i 14 dagar før den vert handsama av kommunestyret.
I samsvar med kommunelova § 44 nr. 7 vert økonomiplan med framlegg til vedtak lagt ut til alminneleg ettersyn i 14 dagar før planen vert handsama i kommunestyret.

Rådmannen rår formannskapet/økonomiutvalet til å legge fylgjande framlegg til vedtak fram for kommunestyret:

1. Kommunestyret vedtek Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan slik det går fram av dokumentet Gul bok 2018 – 2021.

2. I medhald av eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c, vert det skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk med 0,7% av eigedomsskattetaksten.
Vedtektene for eigedomsskatt i Seljord kommune vedtatt av kommunestyret 13.12.2012. skal gjelde for eigedomsskatteåret 2018, jamfør eigedomsskattelova §10.
Det er tre terminar for betaling av eigedomsskatt jamfør eigedomsskattelova § 25.

3. Frå og med 2019 vert det skrive ut eigedomsskatt i medhald av eigedomsskattelova § 3 a, dvs. på alle faste eigedomar i heile kommunen.

3. Nytt låneopptak i 2018 kr 44.513.000. Lånegjelda vert avdrege i samsvar med "minste tillatne avdrag" som er lik "attståande vekta levetid på kommunen sine anleggsmidlar", for tida omlag 31 år.

4. Investeringsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av budsjettering 2A og 2B. Sum investeringstiltak (inkl. avdrag, utlån, andelar og avsetjingar) er i 2018 kr 45.665.000.

5. Driftsbudsjettet vert vedteke på netto programområdenivå slik det går fram av budsjettskjema 1A og 1B.

6. Kommunale avgifter vert vedtekne etter prinsippet om sjølvkost. Innan VAR området vert sjølvkost rekna ut i frå prinsippet om 100% dekningsgrad.

**Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 29.11.2017**

Fram til kommunestyret si handsaming av budsjettet, vil det bli arbeidd med alternativ til rådmannen sitt budsjettframlegg. Dette går fram av eit tilleggspunkt til rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det blir lagt fram eigne framlegg til vedtak i kommunestyret, i tillegg til rådmannen sitt framlegg.

Rådmannen sitt framlegg til budsjett med tilleggspunktet frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Rådmannen rår formannskapet/økonomiutvalet til å fatte fylgjande vedtak:

I samsvar med kommunelova § 45 nr. 3 vert årsbudsjett for 2018 lagt ut til alminneleg ettersyn i 14 dagar før den vert handsama av kommunestyret.
I samsvar med kommunelova § 44 nr. 7 vert økonomiplan med framlegg til vedtak lagt ut til alminneleg ettersyn i 14 dagar før planen vert handsama i kommunestyret.

Rådmannen rår formannskapet/økonomiutvalet til å legge fylgjande framlegg til vedtak fram for kommunestyret:

1. Kommunestyret vedtek Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan slik det går fram av dokumentet Gul bok 2018 – 2021.

2. I medhald av eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c, vert det skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk med 0,7% av eigedomsskattetaksten.
Vedtektene for eigedomsskatt i Seljord kommune vedtatt av kommunestyret 13.12.2012. skal gjelde for eigedomsskatteåret 2018, jamfør eigedomsskattelova §10.
Det er tre terminar for betaling av eigedomsskatt jamfør eigedomsskattelova § 25.

3. Frå og med 2019 vert det skrive ut eigedomsskatt i medhald av eigedomsskattelova § 3 a, dvs. på alle faste eigedomar i heile kommunen.

3. Nytt låneopptak i 2018 kr 44.513.000. Lånegjelda vert avdrege i samsvar med "minste tillatne avdrag" som er lik "attståande vekta levetid på kommunen sine anleggsmidlar", for tida omlag 31 år.

4. Investeringsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av budsjettering 2A og 2B. Sum investeringstiltak (inkl. avdrag, utlån, andelar og avsetjingar) er i 2018 kr 45.665.000.

5. Driftsbudsjettet vert vedteke på netto programområdenivå slik det går fram av budsjettskjema 1A og 1B.

6. Kommunale avgifter vert vedtekne etter prinsippet om sjølvkost. Innan VAR området vert sjølvkost rekna ut i frå prinsippet om 100% dekningsgrad.

7. Det blir lagt fram eigne framlegg til vedtak i kommunestyret, i tillegg til rådmannen sitt framlegg.

**Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 29.11.2017**

1. Kommunestyret vedtek Kommuneplan – Handlingsdel med budsjett og økonomiplan slik det går fram av dokumentet Gul bok 2018 – 2021.

2. I medhald av eigedomsskattelova § 3 fyrste ledd bokstav c, vert det skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk med 0,7% av eigedomsskattetaksten.
Vedtektene for eigedomsskatt i Seljord kommune vedtatt av kommunestyret 13.12.2012. skal gjelde for eigedomsskatteåret 2018, jamfør eigedomsskattelova §10.
Det er tre terminar for betaling av eigedomsskatt jamfør eigedomsskattelova § 25.

3. Frå og med 2019 vert det skrive ut eigedomsskatt i medhald av eigedomsskattelova § 3 a, dvs. på alle faste eigedomar i heile kommunen.

3. Nytt låneopptak i 2018 kr 44.513.000. Lånegjelda vert avdrege i samsvar med "minste tillatne avdrag" som er lik "attståande vekta levetid på kommunen sine anleggsmidlar", for tida omlag 31 år.

4. Investeringsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av budsjettering 2A og 2B. Sum investeringstiltak (inkl. avdrag, utlån, andelar og avsetjingar) er i 2018 kr 45.665.000.

5. Driftsbudsjettet vert vedteke på netto programområdenivå slik det går fram av budsjettskjema 1A og 1B.

6. Kommunale avgifter vert vedtekne etter prinsippet om sjølvkost. Innan VAR området vert sjølvkost rekna ut i frå prinsippet om 100% dekningsgrad.

7. Det blir lagt fram eigne framlegg til vedtak i kommunestyret, i tillegg til rådmannen sitt framlegg.

Utskrift til:
Fylkesmannen i Telemark